

Mellomnorsk – 1370-1550

Kolossal endring av talemålet, både i systemet og i ordtilfanget –

stort sett felles for Skandinavia, ikkje Island. Færøyane og Älvdalen i Dalarna står i mellomstilling.

1. Gammalnorsk var bøyingspråk = syntetisk språk, der bøyingsendingar viser kven som gjer kva med kven. I moderne norsk uttrykt mykje meir med ordstilling. Altså: Det har skjedd avvikling av kasusbøying i substantiv, adjektiv og pronomen (men pronomen har behalde generell objektsform), og tal- og personbøying i verb. Dette skjedde særleg i mellomnorsk tid.
2. Kvantitetsomlegging, endring av reglane for stavingslengd. Gammalnorske ord kunne ha:
 - a. VK: kort vokal + kort konsonantisme (*hol* n.)
 - b. VVK: lang vokal + kort konsonantisme (*hól* m. akkusativ sg.)
 - c. VKK: kort vokal + lang konsonantisme (*holl* adj. fem. sg.)
 - d. VVKK: lang vokal + lang konsonantisme (*hóll* m. nominativ sg.)

Moderne norsk (med unntak for nokre få dialektar) har i prinsippet berre b. og c.: Er vokalen lang, så må etterfølgjande konsonant vera kort (t.d. *hat*). Er vokalen i stavinga kort, så må etterfølgjande konsonant(gruppe) vera lang (t.d. *hatt*).

3. Svekking av trykklette vokalar, altså i ending, frå tre trykklette (*hestar*, *smiðjur*, *bygðir*) til to (*hesta'*, *smie'*, *bygde'*) eller éin (*heste'*, *smie'*, *bygde'*) (men svekkinga hindra av velar konsonant, *hogging*, *dristig* / *dristug*).
4. Svekking av utlydande konsonantar: *húsit* > *húsið* > *huse*, *blað* > *bla(d)*, *konan* > *konā* > *kona*, *svartir hestar* > *svarte hesta(r)*, *svartr hestr* > *ein svart(e) hest(e)*.
5. Vokalforskuving:
Opning av gamle lange vokalar, lågning av gamle korte: *bátr* > *båt* /bo:t/, *sól* /so:l/ > /su:l/, *lús* /lu:s/ > /lʉ:s/, *vika* > *veke*, *fyrst* > *fø(r)st*, *galinn* > *gælen*.
Diftongering av gamle lange vokalar, gamle korte uendra: *bátr* > *baot(e)*, *sól* > /su^wl/, *lús* > /le^hs/; *vika* > *vike*, *fyrst* > *fyst*.
6. Flaum av lågtyske lånord, 35% av orda i moderne norsk. Både ordlagingsselement og ordrøter. *Anfall*, å *betala*, *friheit*, å *bruke*, å *prøve*, osv.

Norsk skriftspråk tapte for dansk

Årsaker

- Skrift: Svartedauden => få skrivekunnige. Tapt politisk sjølvstende svekte norsk skriftspråk.
- Tale: Svartedauden => få vaksne til å korrigere barnespråk. Politisk nedgang => press frå andre språk, generelt. Uklårt om svekking av ordendingar førde til forenkling av bøyingsystem (fordi bøyingskategoriane ikkje lenger kunne haldast frå kvarandre), eller om forenkling gjorde at endingane lettare fekk lov til å svekkast, sidan det vart mindre bruk for dei.